



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 14.09.2021
Møtestad: Brannstasjonen på Mo
Møtetid: 10:30 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Liv Anne Aanensen

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
021/2021	Godkjenning av innkalling og saksliste
022/2021	Godkjenning av møteprotokoll
023/2021	Orienteringssaker
024/2021	Framlegg til ny Forskrift for slamtømming for NGIR-området
025/2021	IKT Nordhordland - utviding med Aurland kommune og endring av samarbeidsavtale
026/2021	Avvikling av bygg- og anleggsavdeling - BKK produksjon
027/2021	Justering av løyvingar 2021

Notat frå møtet:

021/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

022/2021: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

023/2021: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte om søknad om utgreiing av grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar. Kommunen skal gje ein uttale til Statsforvalteren innan 15. nov. Uttalen kjem til politisk handsaming i kommunestyret 4. nov. Formannskapet bed om at søknaden med kartutsnitt vert presentert og orientert om i kommunestyret 23. sept.

Ordførar orienterte om høyring om revisjon av konsesjonsvilkår i Steinslands- og Modalsvassdraget. Kommunn har bedt om utsatt høyringsfrist til 15. nov for å kunne handsame saka i kommunestyret 4. nov. Mari Hagenlund på landbrukskontoret vert kommunen sin sakshandsamar i utforming av høyringuttalen. Det er aktuelt å nytte ekstern bistand frå til dømes LVK og hydrolog i tillegg. Ordførar orienterte om årets TV aksjon, som er 24. okt. Mottakar er Plan International. Formannskapet er innsamlingskomite. Ordførar organiserer innsamlings- og opptellingsarbeidet. Ordførar orienterte om at staten ikkje ankar klagesaka om eigedomsskatt, som kommunane vann i Tingretten.

Ordførar orienterte om at Industriutvikling Vest(IUV) har fått oppdraget med gjennomgang av Modalen Næringsbygg. Kommunen har hatt oppstartsmøter med IUV for å konkretisere oppdraget i to delar: 1-teknisk/økonomisk gjennomgang og 2-potensiale for forretningsutvikling. Rapporten er venta ferdig rundt nyttår, og vil bli presentert for kommunestyret på første møte i 2022.

Rådmann og teknisk sjef orienterte kort om status for nybygget. Plan om innflytting rundt midten av desember. Formannskapet bed om at det vert utlyst namnekonkurransse, med ein god premie, for å namngje bygget. Mål om at namnekonkurransen skal avgjerast i kommunestyret 10. des.

Formannskapet bed og om at ein kjem tilbake med sak/framlegg til utsmykking i bygget, i tråd med føringar for nye offentlege bygg. Formannskapet bør vere styringsgruppe for dette arbeidet.

Formannskapet bed om at administrasjonen på neste formannskapsmøte orienterer om søknadar og tildelingar av kulturmidler og kulturminnevernmidler sålangt i 2021. Dette inkluderer orientering om kriterier for tildeling og budsjett for desse to områda.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

024/2021: Framlegg til ny Forskrift for slamtømming for NGIR-området

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet legg Forskrift for slamtømming ut på høyring, jf. Forureiningslova § 26. Høyringsfristen vert sett til seks veker.

025/2021: IKT Nordhordland - utviding med Aurland kommune og endring av samarbeidsavtale

Behandling:

Rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap vert utvida med Aurland kommune.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap slik den ligg føre

026/2021: Avvikling av bygg- og anleggsavdeling - BKK produksjon

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet i Modalen vedtek slik uttale til styret i BKK, med dei endringane som kom fram i møtet

027/2021: Justering av løyvingar 2021

Behandling:

Rådmann og teknisk sjef orientere om status for arbeidet med raset bak Bryggjeslottet. Det er vanskeleg å lage gode kalkyler for kostnadane då det heile tida kjem nye moment og nye kostnadar på bordet. Det er større mengder med lause massar i fjellsida ein det ein håpa på når kartleggingsarbeidet og dei fysiske befaringsane starta, noko som gjer rensk og sikringsarbeidet meir omfattande og tidkrevjande.

Rådmannen informerte om at framlegget til løyving er for lite etter nyleg motteken informasjon, og at ein vil be om auka løyving i kommunestyret 23. sept.

Kristin Nåmdal la inn framlegg om å utsetje saka, og at dei to foreslåtte løyvingane vert utgreidd som to seperate saker til kommunestyet. Håvard Engeseth bad om at det samstundes vart utgreidd og vurdert andre alternative finansieringsmåtar.

Ordførar laga nytt framlegg til vedtak som vart teke opp til votering. Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet utset saka.

Formannskapet ber om at rassikring bak Bryggjeslottet og grunnundersøkingar på Mo vert utgreidd som to saker.

Formannskapet ber administrasjonen vurdere alternativ finansiering, istaden for næringsfondet.
